



Fjord kommune

Møteprotokoll

Utval:	Råd for personar med funksjonsnedsetting
Møtestad:	Kommunehuset i Stordal
Dato:	23.02.2026
Tid:	Kl. 09:00 - 10:45

Medlemmer:	Parti
Anna Margrethe Drægebø Moe	
Ingrid Løset	
Jostein Dalen	
Alf Ivar Eliassen	AP
Elin Tafjord Skoge	SV

Ikkje møtt:	Parti
Stig Eivin Meisal	Sp

Jostein Dalen
leiar

Siv Krokfoss
sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
004/26	Godkjenning av møtebok
005/26	Orienteringssaker - Mynde til å utpeike koordinatorsvar på tvers av sektorar og Tilvisingsbustader i Fjord kommune
006/26	Orienteringssaker - Rettleiar - Råd for personar med funksjonsnedsetting
007/26	Referatsaker - Samhandlingskonferansen 2025

004/26: Godkjenning av møtebok

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

Råd for personar med funksjonsnedsetting 23.02.2026:

Behandling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

RFUN- 004/26 Vedtak:

Møtebok frå 19.01.2026 vart godkjent

005/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Orienteringssakene blir tatt til orientering.

Råd for personar med funksjonsnedsetting 23.02.2026:

Behandling:

Kommunalsjef for helse og omsorg beklara aller først at saka ikkje vart tatt med til RFUN tidlegare. Han informerte om at det er eit aukande behov for koordinatorar i kommunen, både innan helse og skule. Store utfordringar for helsesjukepleiarane, slik det er i dag. Her må det bli eit bedre samspel framover mellom einingane. Det er fleire innbyggjarar som treng støtte og behov som gjer at det er eit aukande beipv for fleire koordinatorar. Nokre har i dag båd IP og koordinator, andre berre IP. Kommunen må tidleg inn for å ikke få ei aukande mengde av brukarar. BTI er veldig sentral her og vert nytta til fleire barn og unge. Forvaltningkontoret er tett på alle og bør få mynde til å utpeike koordinatoransvar på tvers av sektorar.

BTI - Handlingsveileidar - God informasjon om denne finn ein på Fjord kommune si heimeside: [BTI portalen Fjord kommune](#)

Kommunalsjefen orienterte også om tilvisningssaka som har vore oppe, utan medverknad hos RFUN. Tilvisningsavtalen som no er oppretta skal stimulere private utbygjarar til å starte med nybygging av boligar i kommunen. Neste steg i prosessen er reguleringsplan for Stordal, Eidsdal og Valldal.

RFUN- 005/26 Vedtak:

Råd for personar med nedsettfunksjonsevne i Fjord kommune takkar kommunalsjef for god orientering av ein god jobb som vert gjort. Ønskjer også å få ei evaluering av saka når den er gjennomført.

006/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Orienteringssakene blir tatt til orientering.

Råd for personar med funksjonsnedsetting 23.02.2026:

Behandling:

Gjennomgang av rettleiaren for RFUN vart utsatt til neste møte.

RFUN- 006/26 Vedtak:

Gjennomgang av rettleiaren for RFUN vart utsatt til neste møte.

007/26: Referatsaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Referatsaka blir tatt til orientering.

Råd for personar med funksjonsnedsetting 23.02.2026:

Behandling:

Ingrid Løset deltok på konferansen, Hovudtemaet på Samhandlingskonferansen 2025 var: Totalberedskap i helse- og omsorgstenestene i eit samhandlingsperspektiv. Når kriser oppstår må vi handle raskt og samla.

Radikal transformasjon i helse- og omsorgstenestene framover. Skal vi sikre berekraftige helse- og omsorgstenester, må vi omstille og prioritere- klokare, tidlegare og saman.

Det er viktig å kjenne til både å kjenne til og respektere kvarandre. - Det var eit godt samarbeid under pandemien.

RFUN- 007/26 Vedtak:

Referatsaka blir tatt til orientering.